

Valle kommune
Guðrun Sagneskar

Dykkar ref.

Vår ref.
14/156-19/KES

Dato
30.05.2022

Vardefjellvegen eller Vardefjøddvegen som namn på ein veg i Valle kommune. Tiltråding.

Me syner til eit brev som Guðrun Sagneskar i Valle kommune skreiv til Språkrådet 12. mai i år.

I denne saka er det aktualisert eit spørsmål om den lokale munnlege ordforma «fjødd» skal kunna avspeglast i offisielle stadnamnformer. Dette er noko me kom litt inn på i eit brev me skreiv til Kartverket 19. april i år, eit brev som kommunen då fekk ein kopi av. I det brevet skreiv me blant anna: «I det nedarva talemålet i Valle er historisk *-/l* (*/l*) etter kort vokal nær sagt konsekvent endra til */d/*. Ein del av dei stadnamnformene frå Valle som er registrerte i SSR, ligg i dag inne med ein skrivemåte som avspeglar dette målmerket. Frå kommunane Valle og Bykle er det SSR-registrert 35 postar med namn som inneheld lekken *hedd* (-hedde-, -heddes-, -heddis-, -hedder- og så vidare). Samstundes finst det 27 postar med namn som er skrivne med den tilsvarande forma *hell*. Ikkje i nokon av dei 62 tilfella der det er skrive anten *hedd* og *hell*, er det tale om vedtekne namneformer. Frå dei same to kommunane er det SSR-registrert 152 namnepostar der det er nytta skrivemåten *fjødd*. Berre i eitt av desse tilfella er det tale om ei vedteken namneform; det dreier seg her om forma *Tussefjødd* nytta som namn på eit fjell attmed bygda Bykle. (Eit vegnamn i same området har fått forma *Tussefjell*.) Frå dei to kommunane er det SSR-registrert 175 namneposter med skrivemåten *fjell*, og i 18 av desse tilfella dreier det seg om vedtekne former.» Det kan leggjast til her at det i SSR finst berre tre vedtekne namneformer med skrivemåten *fjødd*. Utanom det nemnde fjellnamnet i Bykle er det tale om stølsnamnforma *Fjøddestøylen* i Bygland og adressenamnforma *Fjøddvegen* i Fyresdal. I Bygland er det SSR-registrert i alt 177 namneformer med skrivemåten *fjell*, og 18 av desse namneformene er vedtekne former.

I § 3 i *forskrift om stadnamn* (den forskriftsversjonen som vart gjort gjeldande 14. februar i år) er det gitt opning for å nytta «[l]okale dialektformer [...] når særlege grunnar talar for det». I den omtalen av lokale dialektformer som finst (på side 3) i dokumentet *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*, står det blant anna dette: «Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til

uttalen [...]» Som døme er det her nemnt «*fjødd* for *fjell*, *kvæv* for *kvelv* [og] *høy* for *haug*».

I den einskildsaka me har føre oss no, må me først og fremst peika på dette at det aktuelle primærnamnet er SSR-registrert med skrivemåten *Vardefjell* som godkjend form og som eineform. Dette gjer at viss ein legg opp til å la førelekken i vegnamnet bli skriven *Vardefjødd*, lyt det først gjennomførast namnesak for det primære fjellnamnet.

Vidare må me peika på dette at det frå kommunane Valle, Bykle og Bygland er SSR-registrert til saman 352 namneposter med skrivemåten *fjell* og at det i 36 av desse tilfella dreier seg om vedtekne former. Slik me nemnde ovom her, finst det i SSR berre tre vedtekne namneformer med skrivemåten *fjødd*. Tradisjonen for å nytta skrivemåten *fjødd* i offisielle stadnamnformer må difor seiast å vera hoste veik.

Me tilrår prinsipalt at **Vardefjellvegen** blir fastsett som adressenamnform. Her syner me først og fremst til det som er den dominerande normeringstradisjonen i området. Jamfør òg med den følgjande regelen som står i § 1 i forskrifta: «Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor.» Substantivet *fjell* må kunna reknast som eit temmeleg vanleg ord i norsk daglegtale.

Når det gjeld skrivemåten *-fjellvegen*, utan genitivs-*s*, syner me til punkt 6 i dei utfyllande reglane. (Der står det blant anna at ein "bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen".) Her kan ein jamføra med SSR-registrerte lokale namneformer som *Hestefjelltjørni*, *Ruafjelltjørni* og *Nutsfjelltjørni* («Nussfjødd-»).

På slutten av den nemnde regelsetninga i § 1 i forskrifta er det peika på moglege unnatak som vil kunna følgja av andre reglar i forskrifta. Dette kan blant anna leia oss til det som står om lokale dialektformer i § 3 i forskrifta og vidare til den tilhøyrande kommentaren som står i dei utfyllande reglane. (Sjå det me har skrive om dette nedst på side 1.) Det som står i dei utfyllande reglane om forma *fjødd*, må seiast å gi eit visst grunnlag skrivemåten *Vardefjødd*, men me må igjen minna om at det her er ein føresetnad at det blir gjennomført namnesak for fjellnamnet. Eit moment som talar for at det blir vedteke å skriva *Vardefjødd* i offentleg samanheng, ligg i dette at det vil vera med å gi grunnlag for ei god vidareføring den lokale munnlege namnetradisjonen.

Med helsing frå

Rune Røsstad
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:
Valle kommune

Kopi til:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS